

Ormerud, Svea - Sveen (gnr. 104)

Ormerud: Namn der førsteleden viser til dyrenamnet orm. I skrift har garden det aller lengste av si tid vore kalla Ormerud. Skrivemåten av namnet har vore stø og med fåe avvik.

Ormerud er ein av dei yngra gardane i Saksumdalen. I skrivne kjelder finn vi garden først nemnt i manntalet for Leiglendingeskatten for 1678, og visstnok var det alt da to bruk av dette namnet i same grenda. Det eine Ormerud var da skyldlagt for 1 skinn, men om det andre Ormerud, som Winsens hadde, er det derimot fortalt at det enda var ei rydningsplass ”som ei er lagt for foring”.

Frå fem år seinare er elles ei tinglyst sak som her er av interesse, og som i utskrift av tingboka er sålydande:

”Ormerud i Fåberg.

Tollersrud i Fåberg 1. mai 1683.

Jacob Tommesen Ormerud lot oplese et skjøte hvorved han tilhandler sig en eiendomsplass i Fåberg av skyld 1 skind med bøksel, av assessor Simensen.

Dat. 2. april 1683.”

Etter dette skulle altså same Jacob Tommesen vera eigar av dette Ormerud frå 1683.

I år 1722 er det atter nemnt ein rydningsplass Ormerud, men som da svara 2 ort i skatt.

Året etter kom i 1723 det nye matrikkelframlegget med fleire opplysningar om gardane. Der er det om garden Ormerud tydeleg fortalt at den var kome godt i gang. Buskapen på garden hadde auka og var da: 1 hest, 6 naut, 8 sauer og 5 geiter, og den årlege utsæd av korn var kring 1½ tønne, og høyavlinga kring 10 lass. Det var skog nok til brenneved og gjerdefang og seter med ”maadelig hamn”, men ingen utslåttar. Ein merker seg elles at det da hadde vore brukarskifte, og at eigaren og brukaren av Ormerud i 1723 heitte Tosten Larsen.

Men i 1740 hadde Tosten Larsen og kona hans Imbiør Jacobsdtr. vorte samde om å skifte med borna sine medan dei baa, foreldra, enda var i live. Om dette skifte er vidare å fortelja at det vart halde på ”Ormerud i Faaberg” den 27. april 1740, og at jordegodset i arvebuet, ”Pl. Ormerud af Skyld 1 Skind” da vart verdsett til 70 rd. Arvingane ved skiftet var 7 born, som visstnok alle var tilstades. Dei var:

- a. Jacob, som truleg var oppattkalla etter Jacob Tommesen, som vi kjenner litt til frå før.
- b. Thomas, som var den nest eldste og da var 28 år
- c. Christen, 25 år
- d. Ole, 20 år
- e. Amund, 16 år
- f. Guro, 23 år
- g. Mari

Samtidig med skiftet fekk så eldstebroren Jacob Tostensen søskenskjøte på farsgarden Ormerud for 70 rd. I samband med handelen lånte kjøparen Jacob av Jon Svendsen Rindal 100 rd. mot årleg lovleg rente og pant i ”Sin gård Ormerud i Saxumdalen beliggende”.

Jacob Tostensen brukte så Ormerud til i 1754, da han skjøte sin ”odelseiende gårdeplads Ormerud” til sin svoger Christen Olsen Ovren for kjøpesum 330 rd. Ein merker seg at kjøparen så å seia samtidig lånte 330 rd. av sorenskrivar Jens Ziegler, som i den tid budde på Lysgård. Pantebrevet, som da var tinglyst, gir elles fleire opplysningar, og er etter utskrift av panteboka sålydande:

”Ormerud.

Pantebrev dat. 13. april 1754 tgl. 18. juni s.å..

Christen Olsen Ormerud av Saxumdalen til Fåberg har lånt 330 rd. av hr.sorenskriver Jens Ziegler til innkjøp av sin gård Ormerud, mot å svare årlig rente 5%, og til sikkerhet for kapital med renter og omkostninger pantsetter han sin eiende gårdeplads Ormerud tillikemed sit løsøre og gårdsbesætning, hvoruti hr. sorenskriveren skal være første prioriteret”.

”Kvittering skriven på Christen Olsen Ormerud til Hr. Sorenskriver Ziegler utstædde Obl. av dato 13. april 1754 for Capital 330 rd. imot Pand gaarde Pladsen Ormerud skyld 1 skind. Det ene Aars Rente til 14. Aprilis 1755 samt til avdrag paa Capitalen 80 rd. er mig betalt. Den Resterende Capital 250 rd. er mig ved en nye Obl. av Jacob Ormerud betalt hvorfor Qvitterer og Obl. til avlysning udleverer.

Lysgaard d. 14. April 1755. I. Ziegler.”

Same året, altså i 1755, skjøta elles Christen Olsen Ormerud ættegarden Ormerud over att til svogeren Jacob Tostensen Ormerud også for kjøpesum 330 rd.

Frå same året, framleis 1755, er og ei sak om husmannsplassen Svehaugen, som broren Jacob Tostensen da selde til broren Ole Tostensen. Skjøtet ved handelen har elles etter utskrift av tingboka denne ordlyden:

”Svehaugen.

Skjøte dat. 14. april tgl. 18. juni s.å.

Fra Jacob Tostensen Ormerud av Saxumdalen i Fåberg til hans bror Ole Tostensen og hans arvinger på en hans gård Ormerud hittil underliggende husmannsplads Svehaugen kaldet for sum 50 rd. og dessuten skal han svare årlig ½ rd. arbeide til gården”.

Jacob Tostensen brukte så ættegarden Ormerud samla til i 1759, da han samtidig selde det eine halve av Ormerud, Ormerud av skyld ½ skinn, til Knut Madsen Husum for kjøpesum 200 rd. og det andre halve Ormerud, Ormerud også av skyld ½ skinn, til Gunder Torgersen Iverslien, Gausdal, for kjøpesum 200 rd.

Kjøparen Knut Madsen hadde elles sin part av Ormerud berre i to år til i 1761, da han skjøta Ormerud av skyld ½ skinn vidare til Peder Olsen Lium framleis for kjøpesum 200 rd. Gunder Torgersen hadde derimot sin part av Ormerud, Ormerud av skyld ½ skinn til i 1763, da han skjøta sitt Ormerud av skyld ½ skinn til Lars Pedersen Lien.

Bruket Svehaugen er atter nemnt i 1765. Brukaren der, Ole Tostensen, lånte da 40 rd. av den lærde hr. Ole Irgens som i den tid var sokneprest i Fåberg, men seinare vart biskop i Bergen. Ole Tostensen Svehaugen er elles nemnt også i år 1769. Han fekk da skjøte frå bror sin Tosten Jacobsen på odelsretten også på heile Ormerud, Ormerud av skyld 1 skinn for 20 rd. Etter atter to år er det elles opplyst at i 1771 var det Ole Poulsen som åtte den halvdelen av Ormerud som da er kalla Ormerud nordre, og samtidig åtte Lars Pedersen det Ormerud som da er kalla Ormerud søndre. Same Lars Pedersen på Ormerud søndre døde alt året etter, altså

i 1772, og det var da atter arveskifte på Ormerud i Fåberg. Ved dette skiftet vart jordegodset i arvebuet, grd. Ormerud av skyld $\frac{1}{2}$ skinn verdsett til 300 rd., og arvebuet utgjorde brutto 381 rd. og netto 150 rd. Arvingane var forutan enka Mari Gudmundsdotter dei 4 borna som avdøde Lars Pedersen hadde i sine to ekteskap, først med Eli Olsdotter og så med Mari Gudmundsdotter. Borna til avdøde Lars Pedersen var:

a. i hans første ekteskap:

1. Peder, som i 1772 var meir enn 23 år, 2. Anne, som da var 23 år.

b. i hans andre ekteskap:

3. Eli, 18 år, 4. Marit 8 år.

På Ormerud nordre var det i 1773 framleis Ole Paulsen som hadde garden, men han skjøta da denne halvparten av Ormerud over til Christopher Olsen Ulleland for kjøpesum 324 rd. Året etter kjøpte så i 1774 Lars Arnesen Ulland først Ormerud nordre av skyld $\frac{1}{2}$ skinn, og visstnok i 1777 tilhandla så Lars Arnesen Ulland seg også halvparten av Ormerud søndre av skyld $\frac{1}{2}$ skinn. Dermed hadde altså Lars Arnesen atter sameint Ormerud av skyld 1 skinn på si hand.

I den tid var det Amund Tostensen som hadde Svehaugen ved Ormerud. Men i 1781 var Tosten død, og det var da skifte på bruket "Svehaugen i Faaberg". Ved dette skiftet vart jordegodset Svehaugen taksert til 140 rd., og arvebuet utgjorde brutto 159 rd., men skulda, gjelda, var like stor. Av skifteoppgjeret går det elles fram at dei fleste av borna etter Tosten Larsen Ormerud da var fedre eller mødre i barnerike familiar. Eldstesonen, Jacob, som da var død, hadde 6 born, og blant dei Ole Lexhus, Thomas Tostensen hadde 5 born, Ole Tostensen, som og hadde vore brukar i Svehaugen, hadde 2 born, søstera Guro Tostensdtr. hadde og 2 born, og søstera Mari hadde 4 born. Den einaste av søkene som visstnok ingen born hadde var Christen Tostensen Myhren.

Av år 1784 er elles eit døme på at namnet Svehaugen da vart brukt som familienamn. "Poul Engebretsen Svehaugen i Saxumdalen i Faaberg" hadde da lånt 99 rd. av bror sin Erich Engebretsen Thel mot 1. pr. pant i "alt sit eiende løsøre".

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 1 familie på Ormerud, nemleg:

1. Lars Arnesen, husbonden, 58 år
2. Ingebor Pedersdtr, kona hans, 52 år
3. Peder Larsen, sonen deres, 27 år
4. Ole Larsen, sonen deres, 20 år
5. Arne Larsen, sonen deres, 16 år
6. Sønnøv Svendsdtr., tenestkvinne, 33 år
7. Sønnøv Ellevsdtr., tenestkvinne, 21 år
8. Arne Olsen, halvbror til husbonden, enkemann etter 1. ekteskap, smed

Husbonden Lars Arnesen brukte Ormerud til i 1802, da han skjøte garden til sonen Arne Larsen for kjøpesum 699 rd. + føderåd til foreldra. Men tolv år seinare gav i 1813 Arne Larsen forpaktningkontrakt på grd. Ormerud til broren Peder Larsen. Peder Larsen var framleis brukar av Ormerud også i 1818. Det går tydeleg fram av ei sak som etter utskrift av tingboka er referert slik:

”Fåberg 16. febr. 1819.

Peder Larsen Ormerud fremla en under 12. desb. 1818 avholdt besiktigelses og skjønnsforretning over hans og Lars Svendsen Rindahls sag, Ormerud og Rindahls Sag kaldet, med fogdens utnevning til det derved brukte lagrette.

Lagrettsmennene møtte og bekreftet med lovens ed, at forretningen var utført efter deres bedste skjønn.”

År 1819 kom og det nye matrikkelframlegget for Fåberg med fleire opplysningar om gardane. Der er det om ”Sven i Dalen” oppgitt at buskapen av store husdyr i den tid var: 2 hestar og 12 storfe, og at den årlege kornavlinga var på ca. 30 tønner. Vidare er det og oppgitt at det da var 1 husmannsplass til garden. Ni år seinare gav i 1828 Arne Larsen, som framleis hadde heimelen på garden, skjøte til Peder Larsen på ”Ormerud eller Sveen.”

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 var den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Løpenr. 29 Ormerud (Sven) fekk da som si nye matrikkelskyld: 4 skylddalar 2 ort 19 skilling, og det var Peder Larsen som da var oppsittar på garden.

Men i 1854 var det enka etter Peder Larsen, Johanne Gudmundsdr. f. Sæter, som hadde Ormerud, og ho gav da skjøte til sonen Lars Pedersen på ættegarden Ormerud for kjøpesum 875 spd. + eit føderåd verdsett til 250 spd.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane. Der er det vidare om løpenr. 29 Ormerud fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 210 mål, og av dette var 49 mål jord av 1. klasse. Vidare er det og om Ormerud hos Lars oppgitt at husdyrhaldet der på garden med plassar tilsm. var 11 storfe og 20 småkrøter, og at den årlege utsæd på Ormerud med plassar var: 8-8½ tønne korn og 4 tønner settepoteter. Eigar og brukar av Ormerud i den tid var framleis Lars Pedersen, men det går fram av panteregisteret at nettopp det same året 1865 var det fleire eksekusjonsforretningar på Ormerud. Av år 1865 er og ein tinglesen husmannseddel på plassen Svestuen frå husbonden Lars Pedersen til sonen Peder Larsen og arvingar.

Men i 1871 vart grd. ”Ormerud eller Sveen” selt ved tvangsauksjon til E. Kraabøl og A. Tøftum, og året etter vart i 1872 garden selt vidare til Ole Paulsen Sæter for kjøpesum 1300 spd. og det påkvilende føderåd. Seks år seinare var elles i 1878 utskiftinga av Svesæterens Sameieskog.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer, og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og øre, slik at det var 100 øre i 1 mark. I denne matrikkelen fekk Ormerud som sitt nye gardsnummer nr. 104 av samla skyld 7,61 mark, og det var enda berre eit bruksnr. under gardsnr. 104 Ormerud, nemleg gardsnr. 104 buksnr. 1 Sveen av skyld 7,61 mark, som Ole Paulsen Sæter framleis var eigar ell. brukar av.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da vidare skjedd dei skifte at grn. 104 brn. 1 Ormerud, Sveen, da av skyld 4,05 mark, var overtatt av Marthinus Marthinsen Granum. Vidare var da eit brn. 2, Sveslien overtatt av ”A/S Tolv tusen Maal Skog” og eit brn. 3 Elvsveen, skyld 0,08 mark, var selt til Tidemand Knutsen, og Syver Opsahl hadde tilhandla seg grn. 104 brn. 4 Volden øvre av skyld 0,44 mark. Her tek vi vidare med at ved kommunevalet i 1907 budde det da 7 personar med røysterett på og/eller ved Ormerud. Dei 7 personane var:

1. gardbr. Martinus Granum, Sveen, 35 år
2. husmor Gjertrud T. Granum, kona hans, 35 år
3. arbeidar Peder Hansen, Svestuen, 39 år
4. husmann Olaus M. Rusten, Svesengen, 41 år
5. arbeidar Torvald J. Svesengen, 29 år
6. gardbr. Syver Opsahl, øvre Volden, 48 år
7. husmor Matea Opsahl, øvre Volden, 49 år

Av handlar i seinare tid med grn. 104 Ormerud eller parsellar av garden tek ein vidare med at i 1907 kjøpte så Otto Langmoen grn. 104 brn. 2 Sveslien skog da av skyld 2,50 mark, og Olaus Mortensen tilhandla seg i 1913 brn. 5 Svesengen. Grn. 104 brn. 6 Sletta av skyld 0,01 mark vart i 1928 selt til Halvor Rusten, og Adolf Granum kjøpte visstnok i året 1930 grn 104 brn. 7 Reinstad av skyld 0,02 mark. Så å seia samtidig kjøpte og Johan Olsen Gutuen grn. 104 brn. 3 Elvsveen av skyld 0,08 mark. Da hadde elles Petter Sveen og Thor Granum i 1927 overtatt grn. 104 brn. 1 Svea (Ormerud) etter Martinus Granum.

Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det etter dette 2 bruksnummer under gardsnummer 104 Ormerud med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar). Dei to gardsbruk var:

- a. Grn. 104 brn. 1 Sveen med eit jordbruksareal på ca. 75 mål, som Petter Sveen og Tor Granum framleis var eigarar og brukarar av
- b. Grn. 104 brn. 3 Elvsveen med eit jordbruksreal på ca. 30 mål, som Sigurd Ringen var eigar og brukar av.